



# Prop. 41 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2020 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 20. november 2020,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2020.

Dei reviderte oversлага for folketrygda sine utgifter og inntekter i 2020 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmer forslag om å redusere løyingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 339 mill. kroner, å auka løyingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 31 mill. kroner og å redusere løyingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 4 962 mill. kroner. Samla foreslår Arbeids- og sosialdepartementet at løyingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar blir redusert med 5 270 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyingane for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med 331 mill. kroner.

### Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking mv.

*Post 22 Kunnskapsutvikling i IA-avtalen mv.,  
kan overførast*

Løyvinga for 2020 er 33 mill. kroner.

I tillegg er det overført 24,3 mill. kroner frå 2019. Løyvinga dekker utgifter til statistikkutviklingsprosjekt, forskningsprosjekt og evaluering av bransjeprogramma. Arbeid med desse har blitt forsinka som følge av koronapandemien. Oppdaterte anslag viser at berre deler av desse midla vil bli nytta i 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 24,3 mill. kroner.

### *Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2020 er 34,5 mill. kroner.

Deler av løyvinga er knytt til midlar til Det europeiske arbeidsmarknadsbyrået (ELA). Arbeidet med samtykkeproposisjonen om å innlemme ELA i EØS avtalen er forsinka og vil etter planen bli fremma for Stortinget i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

## Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 45*

*Post 45 Større ustyrssanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Løyvinga for 2020 på post 21 er 72,9 mill. kroner.

Løyvinga for 2020 på post 45 er 361,3 mill. kroner.

Løyvinga på kap. 604 for 2020 gjeld Prosjekt 3 i IKT-moderniseringsprogrammet for Arbeids- og velferdsetaten. Samla ramme for Prosjekt 3 ligg fast, men det er behov for ei anna tidsmessig fordeling av midlane for prosjektet enn det som tidlegare låg til grunn. Arbeids- og velferdsetaten har i 2020 hatt behov for å trekke på ressursar frå Prosjekt 3 knytt til koronapandemien. Det medfører ei forseinking i prosjektet, jf. omtale i Prop. 1 S (2020–2021). Basert på estimert mindreforbruk i 2020 foreslår ein å redusere samla løyving under kap. 604 for 2020 med 94,2 mill. kroner. Basert på endeleg mindreforbruk for 2020 vil det bli gjort naudsynte endringar i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på post 21 med 42,7 mill. kroner og å redusere løyvinga på post 45 med 136,9 mill. kroner.

## Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

*Post 22 Forskings- og utgreiingsverksemد*

Løyvinga for 2020 er 58,6 mill. kroner.

Koronapandemien har påverka den ordinære drifta til Arbeids- og velferdsdirektoratet og forskingsmiljøa. Dette har ført til at kapasiteten til å gjennomføre forskings- og utgreiingsverksemđ har blitt redusert, og omfanget av desse aktivitetane blir derfor lågare enn vanleg.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 26,4 mill. kroner.

## Kap. 611 Pensjonar frå statskassa

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 16 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på utbetalte pensjonar så langt i 2020 og prognose ut året.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner.

## Kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

*Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving*

*Post 70 For andre medlemer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 på post 01 er 5 361 mill. kroner.

Løyvinga for 2020 på post 22 er -37 mill. kroner.

Løyvinga for 2020 på post 70 er 179 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 612 med totalt 75 mill. kroner. Post 01 er foreslått redusert med 84 mill. kroner, post 22 er foreslått auka med 3 mill. kroner og post 70 er foreslått auka med 6 mill. kroner.

Reduksjonen kjem i hovudsak av at anslaget for utbetalte alderspensjonar er redusert.

## Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2020 er 32 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på føresetnader om at volumet i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse er redusert, jf. kap. 3614, post 90 og kap. 614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

*Post 90 Utlån, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 10 300 mill. kroner.

Anslag for utbetalte lån i 2020 er redusert med 3 000 mill. kroner. Nytt anslag skuldast ein reduksjon i innkomne søknader og at gjennomsnittleg utbetalt lån er redusert.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3 000 mill. kroner.

## Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

*Post 01 Gebyrinntekter, lån*

Løyvinga for 2020 er 28 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på føresetnader om at volumet i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse er redusert, jf. kap. 3614, post 90 og kap. 614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

***Post 90 Tilbakebetaling av lån***

Løyvinga for 2020 er 10 800 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 2 200 mill. kroner. Nytt anslag skuldast ein auke i talet på innfridde lån og at gjennomsnittleg innfridd beløp er auka.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 200 mill. kroner.

***Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse******Post 80 Renter***

Løyvinga for 2020 er 904 mill. kroner.

Anslaget for renteinntekter er auka med 39 mill. kroner. Auken skuldast høgare rentenivå enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 39 mill. kroner.

***Kap. 616 Grappelivsforsikring******Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving***

Løyvinga for 2020 er 200 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2020 og prognose for utbetalinger ut året. Utbetalte grappelivserstatningar varierer frå år til år og er mellom anna avhengig av kor mange prioriterte etterlatne avdøde har.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

***Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak******Post 70 Midlertidig kompensasjonsordning for førehandsgodkjente tiltaksarrangørar***

Løyvinga for 2020 er 180 mill. kroner.

Ordninga blei skipa for å gi førehandsgodkjente tiltaksarrangørar kompensasjon for tapt omsetnad som følge av koronapandemien. Tilkott kan bli gitt for mars, april og mai, og søknadsfristen var 15. august. Det har blitt søkt om å få dekka mindre tap enn tidlegare lagt til grunn, og utgiftene vil derfor bli lågare.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 80 mill. kroner.

***Post 76 Tiltak for arbeidssøkjarar, kan overførast***

Løyvinga for 2020 er 7 002,5 mill. kroner.

Endringa i løyvinga som er foreslått, er knytt til omdisponering til kap. 634, post 79. Sjå omtale under den posten.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7,4 mill. kroner.

***Post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet***

Løyvinga for 2020 er 73,9 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsdirektoratet anslår eit meir behov på 7,4 mill. kroner på denne posten i år.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7,4 mill. kroner.

***Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak******Post 85 Innfordringar av feilutbetingar, arbeidsmarknadstiltak***

Løyvinga for 2020 er på 6 mill. kroner.

Inntekter frå innfordringar av feilutbetingar blir berekna til 8 mill. kroner i 2020. Auken i inntekter kan henge saman med betre kontrollmoglegheiter og betre registerdata, som gjer at fleire feilutbetingar blir avdekka.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

***Kap. 635 Venteløn******Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving***

Løyvinga for 2020 er 7 mill. kroner.

Anslaget er redusert som følge av endra utvikling i antal mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

***Kap. 3635 Venteløn mv.******Post 01 Refusjon statleg verksemnd mv.***

Løyvinga for 2020 er 6 mill. kroner.

Inntektene på denne posten blir berekna til 5 mill. kroner i 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

***Kap. 640 Arbeidstilsynet******Post 01 Driftsutgifter, kan overførast***

Løyvinga for 2020 er 750,7 mill. kroner.

Grunna effektar av koronapandemien er fleire av Arbeidstilsynet sine aktivitetar på IA-området

forsinka, og det er venta at enkelte av IA-midlane som er bevilga i 2020 ikkje vil bli utbetalt før i 2021. Det er derfor behov for at løyvinga knytt til IA-tiltaka overførast til 2021. Arbeids- og sosialdepartementet foreslår at posten får stikkordet «kan overførast» avgrensa til desse midlane midlertidig i 2020.

## **Kap. 3640 Arbeidstilsynet**

### *Post 05 Tvangsmulk*

Løyvinga for 2020 er 6,6 mill. kroner.

Det har for Arbeidstilsynet hittil i 2020 vore naudsynt å bruke tvangsmulkter oftare enn det som låg til grunn for løyvinga. Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Prognosene for 2020 tilseier no ei auka inntekt på om lag 1,4 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner.

### *Post 09 Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket*

Løyvinga for 2020 er 27 mill. kroner.

Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Prognosene for 2020 tilseier ei inntekt på om lag 22 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

## **Kap. 642 Petroleumstilsynet**

### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under post 21*

Løyvinga for 2020 er 296,4 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 640, post 01 med 1,1 mill. kroner, jf. også omtalen under kap. 3642, post 06, som følge av auka innbetaling knytt til hospitering og konferanseavgift i samband med Topplederkonferansen 2020.

Dette er ei paralleljustering av utgifts- og inntektskapitla. Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga for 2020 er 30,2 mill. kroner.

Prosjekt og aktivitetar under oppdrags- og samarbeidsverksemdu er i hovudsak initierte av andre aktørar enn Petroleumstilsynet, og etaten

har slik avgrensa innverknad på når aktivitetane vil bli gjennomførte. Det har i 2020, grunna koronapandemien, vore lågare aktivitet enn planlagt, tilsvarende ei redusert utgift på 4,6 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4,6 mill. kroner.

## **Kap. 3642 Petroleumstilsynet**

### *Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemdu*

Løyvinga for 2020 er 7,8 mill. kroner.

Koronapandemien har i sterk grad påverka aktivitetane på denne posten. I tillegg har Petroleumstilsynet avgrensa innverknad på når inntektene på posten vil inntrefte på grunn av at desse er avhengige av andre aktørar (mottakarlanda). Det har i 2020 derfor vore lågare aktivitet enn planlagt, tilsvarende ei redusert inntekt på 0,7 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner.

### *Post 03 Gebyr tilsyn*

Løyvinga for 2020 er 78,6 mill. kroner.

Forventa prognose for inntekter på posten tilseier ein reduksjon på om lag 4,7 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak redusert aktivitet overfor enkeltaktørar grunna koronapandemien.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4,7 mill. kroner.

### *Post 06 Andre innbetalingar*

Det er ikkje løyving på posten.

Arbeids- og sosialdepartementet viser til omtalen under kap. 642, post 01. Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ei løyving på 1,1 mill. kroner.

## **Kap. 649 Treparts bransjeprogram**

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga for 2020 er 2,4 mill. kroner.

Som følgje av arbeidssituasjonen knytt til koronapandemien vil det ikkje bli aktuelt å stille løyvinga til disposisjon for Arbeidstilsynet i 2020, og det er forventa eit mindrebruk på posten.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår at posten får stikkordet «kan overførast» midlertidig i 2020.

**Kap. 660 Krigspensjon***Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving***Løyvinga for 2020 er 140 mill. kroner**

Anslaget på posten er redusert med 7 mill. kroner hovudsakleg som følge av at anslag for gjennomsnittleg stønad er lågare enn i vedtatt budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

**Kap. 665 Pensjonstrygda for fiskarar***Post 70 Tilskott***Løyvinga for 2020 er på 35 mill. kroner.**

Anslaget for statstilskott etter Lov om pensjonstrygd for fiskarar § 15 blir redusert med 1,1 mill. kroner. Inntektene ser ut til å bli litt høgare og utgiftene litt lågare enn lagt til grunn i vedtatt budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner.

**Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)***Post 70 Tilskott, overslagsløyving***Løyvinga for 2020 er 2 756 mill. kroner.**

Anslaget på posten er redusert med 6 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

**Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år***Post 70 Tilskott, overslagsløyving***Løyvinga for 2020 er på 321 mill. kroner.**

Anslaget på posten er redusert med 1 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

**Kap. 2541 Dagpengar***Post 70 Dagpengar, overslagsløyving***Løyvinga for 2020 er 46 149 mill. kroner.**

Då førre anslag blei berekna, var det framleis mange ubehandla søknader om dagpengar. Det var derfor venta at antal mottakarar av dagpengar

ville auke etter kvart som søkerne blei behandla, men det har i liten grad skjedd. Ei mogleg forklaring er at ein del personar har fått etterbetalt dagpengar i sommar, men ikkje inngår i den løypande statistikken fordi dei er tilbake i jobb. Færre mottakarar bidreg isolert sett til å trekke anslaget på utgifter til dagpengar ned med om lag 8,4 mrd. kroner.

Vidare blir effekten av midlertidige koronatiltak i dagpengeordninga no anslått til om lag 14,6 mrd. kroner, dvs. 1,4 mrd. kroner mindre enn førre anslag, i hovudsak som følge av færre mottakarar av dagpengar.

På grunn av svært mange søkerne om dagpengar som førte til lang saksbehandlingstid, blei det i vår innført ei ordning for forskottering av dagpengar for å sikre inntekt til arbeidslause og permittere. Det er så langt betalt ut om lag 4,3 mrd. kroner i forskott på dagpengar i 2020, og om lag 800 mill. kroner er betalt tilbake. Arbeids- og velferdsdirektoratet anslår at 3,5 mrd. kroner framleis vil vere uteståande ved årsskiftet. For at løyvinga til dagpengar skal gjenspegle dei faktiske utbetalingane i 2020, aukar anslaget tilsvarende netto utbetalt forskott. Samtidig blir det foreslått å gi ei fullmakt til å nettoføre tilbakebetaling av forskott som utgiftsreduksjon under kap. 2541, post 70, jf. forslag til romertallsvedtak. Regjeringa vil ved neste høve komme tilbake til budsjettverkingane for 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4 869 mill. kroner.

**Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.***Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., overslagsløyving***Løyvinga for 2020 er 1 090 mill. kroner.**

Koronapandemien har skapt stor usikkerheit om utviklinga i antal konkursar. Veksten i antal konkursar i 2020 blir no anslått å bli noko svakare samanlikna med førre anslag.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

**Kap. 2543 Midlertidige stønadsordningar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og lærlingar***Post 70 Stønad til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, overslagsløyving***Løyvinga for 2020 er 1 560 mill. kroner.**

Regjeringa foreslo i Prop. 142 S (2019–2020) å avvikle kompensasjonsytinga frå og med 1. november 2020. Under behandlinga av proposisjonen bestemde Stortinget å forlenge kompensasjonsytinga ut 2020 og samtidig redusere kompensasjonsgraden til 60 pst., jf. Innst. 19 S (2020–2021). Det blei løyvd 160 mill. kroner meir enn regjeringas forslag for å ta høgde for auka utgifter som følge av forslaget.

Basert på observert utvikling, blir det no berekna at 1 540 mill. kroner vil komme til utbetailing i 2020. I og med at stønaden blir utbetalt på etterskot, vil kompensasjonen for desember bli utbetalt i januar 2021, jf. Prop. 1 S (2020–2021) Tillegg nr. 1.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

#### *Post 71 Stønad til lærlingar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 153 mill. kroner.

Ordninga blei avvikla for nye tilfelle frå og med 1. november 2020. Det har over dei siste månadene blitt færre mottakarar av stønaden, og det er venta at denne utviklinga vil fortsette ut året.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 53 mill. kroner.

#### **Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far**

##### *Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 1 680 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 30 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

##### *Post 72 Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 123 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 12 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 12 mill. kroner.

##### *Post 73 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 48 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 8 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 8 mill. kroner.

#### *Post 76 Bidragsforskott*

Løyvinga for 2020 er 700 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 5 mill. kroner som følge av redusert anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

#### **Kap. 2650 Sjukepengar**

##### *Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 42 400 mill. kroner.

Statistikk over sjukefråværet og rekneskapen til og med september 2020 tilseier no ein auke i det trygdefinansierte sjukefråværet frå 2019 til 2020 på 4 pst. Dette er noko høgare enn anslått i Prop. 142 S (2019–2020). Samstundes er anslaga for meirkostnadene av dei midlertidige koronatiltaka i sjukepengeordninga på usikkert grunnlag auka frå om lag 3 080 mill. kroner til om lag 3 380 mill. kroner. Anslaga for forventa vekst i sjukepengegrunnlaget (lønnsvekst) og sysselsettinga er uendra.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 680 mill. kroner.

##### *Post 72 Pleie-, opplæring og omsorgspengar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 3 160 mill. kroner.

I Prop. 142 S (2019–2020) blei meirkostnadene av dei midlertidige koronatiltaka i omsorgspengesordninga på usikkert grunnlag anslått til om lag 2 000 mill. kroner. Dette anslaget er nå redusert til om lag 1 670 mill. kroner. Anslaga for forventa volumvekst og lønnsvekst er uendra.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 340 mill. kroner.

##### *Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 2 190 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2020 blir noko høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

*Post 76 Tilskott til ekspertbistand og forsøk med kompetansetiltak for sjukmelde, kan overførast*

Løyvinga for 2020 er 102 mill. kroner.

Koronapandemien har i sterk grad påverka den ønskte opptrappinga av desse tiltaka. Mellom anna blei ressursar frå NAV Arbeidslivssenter, som administrerer tilskottet, omdisponert for å møte den store auken i arbeidsløysa. Arbeids- og velferdsdirektoratet anslår at det vil blitt betalt ut mindre enn ti mill. kroner til desse ordningane i 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 102 mill. kroner. På grunn av overførte midlar vil det framleis vere nærmare 50 mill. kroner disponibelt på posten.

**Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar**

*Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 30 030 mill. kroner.

Gjennomsnittleg tal på mottakarar av arbeidsavklaringspengar i 2020 er no anslått til å bli noko høgare enn det som blei lagt til grunn i Prop. 142 S (2019–2020). Auken skuldast at avgangen frå arbeidsavklaringspengar er noko redusert. Samstundes er utbetalinga per mottakar noko lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn. Samla sett vil dette gi ein auke i utgiftene til arbeidsavklaringspengar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 170 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 133 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2020 blir noko høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

*Post 72 Legeerklæringer*

Løyvinga for 2020 er 360 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2020 blir noko høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner

**Kap. 2655 Uføre**

*Post 70 Uføretrygd, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 99 960 mill. kroner.

I Prop. 142 S (2019–2020) blei det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal for mottakarar av uføretrygd i 2020 på om lag 356 900. Dette anslaget er no redusert til om lag 356 700 mottakarar. Reduksjonen i gjennomsnittleg tal for mottakarar bidrar til ein reduksjon i utgiftsanslaget på om lag 60 mill. kroner. Utgiftsanslaget er også redusert med om lag 280 mill. kroner, som følge av at gjennomsnittleg ytинг er lågare enn det som blei lagt til grunn i Prop. 142 S (2019–2020).

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 340 mill. kroner.

*Post 75 Menerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 69 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 1 mill. kroner lågare enn berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

*Post 76 Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 40 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 1 mill. kroner lågare enn berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

**Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.**

*Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 1 610 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

*Post 73 Hjelpemiddel mv. under arbeid og utdanning*

Løyvinga for 2020 er 127 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

*Post 74 Tilskott til bilar*

Løyvinga for 2020 er 775 mill. kroner.

Det er no venta lågare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

#### *Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel*

Løyvinga for 2020 er 3 560 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 50 mill. kroner.

#### *Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester*

Løyvinga for 2020 er 310 mill. kroner.

Det meste av utgiftene under løyvinga gjeld kurs og opplæring, reiser og utprøving av ulike hjelpemiddel, tolkehjelp for hørselshemma, døve og døvblinde og førarhundar. Som følge av koronapandemien har utgiftene til desse tenestene blitt redusert i 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 35 mill. kroner

#### *Post 77 Ortopediske hjelpemiddel*

Løyvinga for 2020 er 1 680 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

#### *Post 78 Høyreapparat*

Løyvinga for 2020 er 775 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

#### *Post 79 Aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år, kan overførast*

Løyvinga for 2020 er 100,1 mill. kroner.

Kostnadene for dei fleste aktivitetshjelpemidla blir først regnskapsført frå tre til fire månader etter at vedtak er fatta. At det ofte tar relativt lang tid frå vedtak er fatta til utgiftene er regnskapsført, skuldast mellom anna at det ofte tek noko tid før brukarane har innbetalt eigenandelen (10 prosent av kostnaden for aktivitetshjelpemiddelet med ei øvre grense på 4 000 kroner) slik at det innvilga aktivitetshjelpemiddelet kan bestillast.

Som følge av dette vil einskilde vedtak som er gjort i 2020 først bli utgiftsført i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår derfor at posten får stikkordet «kan overførast» midlertidig i 2020.

#### **Kap. 2670 Alderdom**

##### *Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 77 670 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 10 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

##### *Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 153 010 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 90 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

##### *Post 72 Inntektpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 4 130 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 50 mill. kroner som følge av høgare anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kroner.

##### *Post 73 Særtillegg, pensjonstillegg mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2020 er 6 290 mill. kroner.

Posten dekker fleire ulike tillegg, der særtillegg utgjer om lag 70 pst. av løyvinga. Anslaget på posten er auka med 10 mill. kroner i all hovudsak som følge av oppjustert anslag for særtillegg.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

#### **Kap. 5701 Diverse inntekter**

##### *Post 71 Refusjon ved yrkesskade*

Løyvinga for 2020 er 850 mill. kroner.

Innbetalingar av refusjon av oppgjer frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2019 så langt i 2020 er på 840,6 mill. kroner. Det er ikkje venta ytterlegare innbetalingar for resten av året.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9,4 mill. kroner.

#### *Post 73 Refusjon frå bidragspliktige*

Løyvinga for 2020 er 210 mill. kroner.

Ein må sjå inntektene på posten i samanheng med utgiftene til bidragsforskott på kap. 2620 post 76. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene blir litt lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

#### *Post 80 Renter*

Løyvinga for 2020 er 1,7 mill. kroner.

På grunn av inntektene så langt i år er anslaget på posten i 2020 redusert med 1 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

#### *Post 86 Innkrevjing feilutbetalinger*

Løyvinga for 2020 er 966 mill. kroner.

På grunn av inntektene så langt i år er anslaget på posten i 2020 auka til 1 290 mill. kroner. Meir inntekta skuldast mellom anna ein kraftig auke i antal uføre etteroppkjersaker.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 324 mill. kroner.

#### *Post 88 Hjelpemiddelsentralar mv.*

Løyvinga for 2020 er 80 mill. kroner.

Det er no venta lågare volumvekst i 2020 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Arbeids- og sosialdepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Arbeids- og sosialdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under  
Arbeids- og sosialdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
601		Utgreiingsverksemd, forsking mv.	
22		Kunnskapsutvikling i IA-avtalen mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	24 300 000
		frå kr 33 000 000 til kr 8 700 000	
70		Tilskott, blir redusert med .....	9 000 000
		frå kr 34 480 000 til kr 25 480 000	
604		Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 45</i> , blir auka med .....	42 690 000
		frå kr 72 910 000 til kr 115 600 000	
45		Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med .....	136 910 000
		frå kr 361 310 000 til kr 224 400 000	
605		Arbeids- og velferdsetaten	
22		Forsknings- og utgreiingsverksemd, blir redusert med .....	26 367 000
		frå kr 58 635 000 til kr 32 268 000	
611		Pensjonar frå statskassa	
01		Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	600 000
		frå kr 16 000 000 til kr 16 600 000	
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
01		Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	84 000 000
		frå kr 5 361 000 000 til kr 5 277 000 000	
22		Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	3 000 000
		frå kr -37 000 000 til kr -34 000 000	
70		For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	6 000 000
		frå kr 179 000 000 til kr 185 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 32 000 000 til kr 31 000 000	1 000 000
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 10 300 000 000 til kr 7 300 000 000	3 000 000 000
616		Gruppelivsforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 200 000 000 til kr 190 000 000	10 000 000
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	70	Midlertidig kompensasjonsordning for førehandsgodkjente tiltaksarrangørar, blir redusert med ..... frå kr 180 000 000 til kr 100 000 000	80 000 000
	76	Tiltak for arbeidssøkjarar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 7 002 465 000 til kr 6 995 075 000	7 390 000
	79	Funksjonsassistanse i arbeidslivet, blir auka med ..... frå kr 73 900 000 til kr 81 290 000	7 390 000
635		Venteløn	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 7 000 000 til kr 6 000 000	1 000 000
642		Petroleumstilsynet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med ..... frå kr 296 377 000 til kr 297 477 000	1 100 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 30 200 000 til kr 25 600 000	4 600 000
660		Krigspensjon	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 140 000 000 til kr 133 000 000	7 000 000
665		Pensjonstrygda for fiskarar	
	70	Tilskott, blir redusert med ..... frå kr 35 000 000 til kr 33 900 000	1 100 000
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 2 756 000 000 til kr 2 750 000 000	6 000 000
667		Supplerende stønad til personer over 67 år	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 321 000 000 til kr 320 000 000	1 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2541		Dagpengar	
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 46 149 000 000 til kr 41 280 000 000	4 869 000 000
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.	
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 090 000 000 til kr 1 070 000 000	20 000 000
2543		Midlertidige stønadsordningar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og lærlingar	
	70	Stønad til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 560 000 000 til kr 1 540 000 000	20 000 000
	71	Stønad til lærlingar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 153 000 000 til kr 100 000 000	53 000 000
2620		Stønad til einslig mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 680 000 000 til kr 1 650 000 000	30 000 000
	72	Stønad til barnetilsyn til einslig mor eller far i arbeid, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 123 000 000 til kr 111 000 000	12 000 000
	73	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 48 000 000 til kr 40 000 000	8 000 000
	76	Bidragsforskott, blir redusert med ..... frå kr 700 000 000 til kr 695 000 000	5 000 000
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 42 400 000 000 til kr 43 080 000 000	680 000 000
	72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 3 160 000 000 til kr 2 820 000 000	340 000 000
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 2 190 000 000 til kr 2 195 000 000	5 000 000
	76	Tilskott til ekspertbistand og kompetansetiltak for sjukmelde, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 102 000 000 til kr 0	102 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2651		Arbeidsavklaringspengar	
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 30 030 000 000 til kr 30 200 000 000	170 000 000
	71	Tilleggsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 133 000 000 til kr 130 000 000	3 000 000
	72	Legeerklæringar, blir auka med ..... frå kr 360 000 000 til kr 375 000 000	15 000 000
2655		Uføre	
	70	Uføretrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 99 960 000 000 til kr 99 620 000 000	340 000 000
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 69 000 000 til kr 68 000 000	1 000 000
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgivning, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 40 000 000 til kr 39 000 000	1 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelphemiddel mv.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 610 000 000 til kr 1 600 000 000	10 000 000
	73	Hjelphemiddel mv. under arbeid og utdanning, blir redusert med ..... frå kr 127 000 000 til kr 120 000 000	7 000 000
	74	Tilskott til bilar, blir redusert med ..... frå kr 775 000 000 til kr 750 000 000	25 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel, blir redusert med ..... frå kr 3 560 000 000 til kr 3 510 000 000	50 000 000
	76	Betring av funksjonsevna, hjelphemiddel som tenester, blir redusert med ..... frå kr 310 000 000 til kr 275 000 000	35 000 000
	77	Ortopediske hjelphemiddel, blir redusert med ..... frå kr 1 680 000 000 til kr 1 660 000 000	20 000 000
	78	Høyreapparater, blir redusert med ..... frå kr 775 000 000 til kr 765 000 000	10 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 77 670 000 000 til kr 77 680 000 000	10 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 153 010 000 000 til kr 153 100 000 000	90 000 000
	72	Inntektspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 4 130 000 000 til kr 4 180 000 000	50 000 000
	73	Særtillegg, pensjonstillegg mv., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 6 290 000 000 til kr 6 300 000 000	10 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3614		Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	
	01	Gebyrinntekter, lån, blir redusert med ..... frå kr 28 000 000 til kr 27 000 000	1 000 000
	90	Tilbakebetaling av lån, blir auka med ..... frå kr 10 800 000 000 til kr 13 000 000 000	2 200 000 000
3634		Arbeidsmarknadstiltak	
	85	Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak, blir auka med ..... frå kr 6 000 000 til kr 8 000 000	2 000 000
3635		Venteløn mv.	
	01	Refusjon statleg verksemde mv., blir redusert med ..... frå kr 6 000 000 til kr 5 000 000	1 000 000
3640		Arbeidstilsynet	
	05	Tvangsmulkt, blir auka med ..... frå kr 6 580 000 til kr 7 980 000	1 400 000
	09	Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket, blir redusert med ..... frå kr 27 000 000 til kr 22 000 000	5 000 000
3642		Petroleumstilsynet	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemde, blir redusert med ..... frå kr 7 770 000 til kr 7 070 000	700 000
	03	Gebyr tilsyn, blir redusert med ..... frå kr 78 550 000 til kr 73 850 000	4 700 000
	06	Andre innbetalinger, blir løyva med ..... 1 100 000	1 100 000
5607		Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	
	80	Renter, blir auka med ..... frå kr 904 000 000 til kr 943 000 000	39 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5701		Diverse inntekter	
71		Refusjon ved yrkesskade, blir redusert med .....	9 434 000
		frå kr 850 000 000 til kr 840 566 000	
73		Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med .....	5 000 000
		frå kr 210 000 000 til kr 205 000 000	
80		Renter, blir redusert med .....	1 000 000
		frå kr 1 700 000 til kr 700 000	
86		Innkrevjing feilutbetalingar, blir auka med .....	324 000 000
		frå kr 966 000 000 til kr 1 290 000 000	
88		Hjelphemiddelsentralar mv., blir redusert med .....	9 000 000
		frå kr 80 000 000 til kr 71 000 000	

**II****Stikkordsfullmakter**

Stortinget samtykker i at stikkordet «kan overførast», som enkeltståande tilfelle, blir tilføydd følgande løyvingar i statsbudsjettet for 2020:

1. kap. 640 Arbeidstilsynet, post 01 Driftsutgifter, men avgrensa til utgifter knytt til IA-midlane.
2. kap. 649 Treparts bransjeprogram, post 21 Spesielle driftsutgifter.
3. kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpe middel mv., post 79 Aktivitetshjelphemiddel for personar over 26 år.

**III****Fullmakt til nettobudsjettering**

Stortinget samtykker i at Arbeids- og sosialdepartementet som eit enkeltståande tilfelle i 2020 kan gje Arbeids- og velferdsetaten fullmakt til å nettføre som utgiftsreduksjon under kap. 2541 Dagpenger, post 70 Dagpenger, tilbakebetaling av forskott på dagpenger.

